



Bergen og Omland Havnevesen

Postboks 6040

<postNr> BERGEN

Referanser:
Dykkar: Off8661d-d118-4647-a8e0-
bbf075112009
Vår: 18/2540 - 18/35322

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
22.11.2018

Melding om vedtak - dispensasjon - gbnr 219/41 -Vike

Fylkesmannen får med dette saka til klagevurdering.
Bergen og Omland Havnevesen får med dette saka til handsaming etter særlov.

Plan- og miljøutvalet – Saksnr. 142/18:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealbruken i sjø og på land og plankravet i kommuneplanen sin arealdel (jf. pbl § 11-6) og frå byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 for etablering av flytekai og parkeringsplass.

Dispensasjonen gjeld:

- Flytekai 15,7 x 2,7 m med utriggarar på eine sida
- Parkeringsplass

Sjå vurderinga i saksutgreiinga for grunngjeving av vedtaket.

Før arbeidet kan settast igang, må det ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 og etter hamnelova.

Dersom arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dispensasjon er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Vedlegg:
Dispensasjon for etablering av flytekai - GBNR 219/41 Vike

Mottakarar:

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Lindås kommune - teknisk drift	Kvernhusmyrane	5914	ISDALSTØ
	20		